

Fra: [Johann Roppen](#)
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 37/2020, 22. OKTOBER
Dato: torsdag 22. oktober 2020 13:03:58

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 37/2020, 22. OKTOBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA: EKSAMENAR BLIR DIGITALE

Kriseleiinga har vedteke at alle skriftlege skuleeksamenar frå og med 1. november skal gjerast om til digital heimeeksamen. Praktiske eksamenar kan gå som planlagd. Fagmiljøa kan sjølv avgjere korleis ein vil avvikle munnleg eksamen, men ein skal legge til rette for å minimere reiseaktivitet, til dømes dersom studenten eller ekstern sensor ikkje oppheld seg i Volda.

HØGSKULESTYRET (1) STYRESEMINAR OG STYREMØTE 28. OG 29. OKTOBER

Høgskulestyret har sitt neste møte på Quality hotell i Ulsteinvik. Som vanleg på oktobermøte blir det først styreseminar onsdag 28. oktober og deretter vanleg styremøte torsdag 29. oktober. Av praktiske grunnar blir det ikkje strøyma frå styremøtet denne gongen.

HØGSKULESTYRET (2) HER ER STYRESAKENE

[Sakspapira til høgskulestyret finn du på nettsidene våre.](#) På dagsorden i komande møte står blant anna orientering om framlegget til statsbudsjett for 2021, satsingsforslag for 2022, studiekvalitetsrapport for 2019/2020, undervegsrapport for planar 2020, planar for 2021, revisjon av retningslinjer for pedagogisk basiskompetanse og rekneskapsrapportering etter eit halvår med korona.

PRIS FOR KVALITET I UTDANNINGA: FRIST FOR Å MELDE KANDIDATAR ER 13. NOVEMBER

HVO sin pris for kvalitet i utdanninga er ein årleg pris som er oppretta for gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar som har gjort ein markert innsats i arbeidet for å utvikle den samla utdanningskvaliteten innan eit fagområde, studium eller eit emne ved Høgskulen i Volda. Ved tildeling av prisen skal det leggst vekt på systematisk innsats for å utvikle kvalitet i utdanninga og god tilrettelegging for studentane sitt læringsarbeid. Det blir lagt vekt på god evne til formidling og samhandling med studentane, og bruk av nyskapande, varierte og studentaktive arbeids- og vurderingsformer. Systematisk arbeid med mellom anna forskingsbasert undervising, internasjonalisering og studentevaluering vil også kvalifisere for prisen, i tillegg til innsats for eiga fagleg og pedagogisk utvikling. Alle tilsette, studentar og formelle høgskule- og studentorgan kan kome med framlegg til kandidatar. Forslaga skal vere grunngitte.

Har du ein kandidat? [I så fall kan du melde inn det her.](#)

FRILUFTSLIV (1) KJEMPESTOR INTERESSE FOR FORSKING PÅ TUROPPLIVINGAR

Nettavisen Forskning.no publiserte for få dagar sidan ein artikkel der [førsteamanuensis Helga Løvoll](#), AKF, fortalde om si forskning på turar og friluftsliv. "Å sitte i ro i skogen kan vere like bra for helsa som å løpe opp ein fjelltopp" var overskrifta. Artikkelen har sidan vorte delt av hundrevis av personar på Facebook og fått over 1.000 likarar i tillegg til at den har vorte flittig kommentert. [Les artikkelen på Forskning.no.](#)
[Sjå artikkelen på Facebook.](#)

FRILUFTSLIV (2) NATURA INVITERTE PÅ BÅL OG KAFFI

Studentane har si eiga turgruppe ved Høgskulen i Volda, og den heiter Natura. Dei inviterte denne veka til [bål og kaffi](#) i samband med psykisk helse-månad, men har også mange andre aktivitetar gjennom heile året. Natura har [eigne nettsider](#) og er også å finne på [Facebook](#).

FRILUFTSLIV (3) STRANDRYDDING, PLAST OG KUNST PÅ RUNDE

I samband med Strandryddingsveka 2020 i september var studentar ved Design, kunst og handverk på Runde miljøsentar for oppleve utstilling, foredrag og workshops med kunstnaren Pippip Ferner. [Her er nokre av dei kreative resultatata av miljø- og kunstundervisninga](#).

STUDENTANE SKAL FÅ SEIE SI MEINING: KLART FOR STUDIEBAROMETERET 2020

Den årlege studentundersøkinga "Studiebarometeret" har no starta og alle HVO-studentar på 2. året på bachelor eller master har fått invitasjon til å svare på spørsmål om sin studiekvardag. Det er ikkje uventa at det i 2020 blir svært mange spørsmål om korona. Studentane ved Høgskulen i Volda har dei siste åra vore blant dei som har hatt høgst svarprosent, og Høgskulen i Volda vil også i år premiere klassene med høgast svarprosent. [Les meir om Studiebarometeret på nettsidene våre](#).

STUDENTRADIOEN SAMLA INN OVER KR 14.000 TIL TV-AKSJONEN

Volda Studentradio hadde varsla 24-timars sending der dei ville samle inn pengar TV-aksjonen i år. Målet var å samle inn kr 5.000, men det nådde dei så raskt at dei sette seg stadig nye mål. Til slutt var resultatet over kr 14.000, og då vart også sendinga forlenga med to timar til 26 timar. Innsamlingsresultatet i år var klart høgare enn tidlegare år. [Les meir på nettsidene våre](#).

DIGITALE UTDANNINGSDAGAR PÅ HØGSKULEN I VOLDA: 28.-29. OKTOBER

Høgskulen i Volda inviterer avgangselevar i vidaregåande opplæring og elevar ved folkehøgskular i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane til Utdanningsdagane 2020. På grunn av Korona-pandemien vert i år arrangementet digitalt organisert. På Utdanningsdagane før elevane informasjon om studietilboda innan høgare utdanning i Møre og Romsdal. [Les meir om Utdanningsdagane på nettsidene våre](#).

KIM-DANIEL VATTØY: DISPUTERER FRÅ KONTORET I VOLDA

Høgskulelektor Kim-Daniel Vattøy vil fredag 23. oktober gjennomføre sin doktordisputas i engelsk didaktikk. Og disputasen vil han gjennomføre frå kontoret sitt på Høgskulen i Volda. Det er muleg fordi disputasen skjer via video. Vattøy har vore tilsett som stipendiat ved Høgskulen i Volda men gjort forskinga si ved eit doktorgradsprogram ved NTNU. [Les meir om disputasen på nettsidene våre](#).

FORSKINGSKONFERANSE PÅ SÆBØ: "KULTURMØTE OG INTERKULTURELL KOMMUNIKASJON"

To av forskargruppene på Høgskulen i Volda samarbeider om konferansen "Kulturmøte og interkulturell kommunikasjon" som blir arrangert på Sagafjord hotell på Sæbø, 22.-23. oktober. Dei to gruppene er Kulturmøte og Religion og livssyn. Utanom Høgskulen i Volda deltek også forskarar frå Universitetet i Stavanger og Høgskolen i Innlandet og somme forskarar vil også delta via video. I 2021 vil det bli gjeve ut ein vitenskapleg publikasjon basert på innlegga i konferansen.

STILLE FORSKINGSSEMINAR

Forskningsgruppa for litteratur og musikk har arrangert nettverksseminar med temaet "Stilla

i musikk og litteratur". Dette vart belyst gjennom innleiingar som i fleire tilfelle var organiserte som dialogar mellom ein forskar og ein kunstnar. Planen er at presentasjonane skal føre fram til ein felles publikasjon. Seminaret vart arrangert på Solstrand hotell i Os. [Les meir på nettsidene våre.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebladet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) KVALSUND OM SENTRALISERING OG SKULENEDLEGGING

[Professor em. Rune Kvalsund](#), ASH, bidrar med eit kapittel i boka "Educational Research and Schooling in Rural Europe. An Engagement with Changing Patterns of Education, Space and Place". I artikkelen samanliknar Kvalsund endringar i bygdeskular og lokalsamfunn i aust- og vesteuropeiske land. [Les meir om boka og intervju med Kvalsund på nettsidene våre.](#)

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

26.10.2020: Ekstramøte i [Forskingsutvalet](#)

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH, Hotell Ivar Aasen

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

11.12.2020: Semesteravslutning ASH, kl 13.00 i BK Kantina

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde
Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

